



No har du sjansen til å vera med MS SUNNHORDLAND på tur langs kysten frå Tromsø til Bergen/ Leirvik.

Jan H. Sunde i RunWay - Norway ligg ikkje på latsida. 20. august er han ferdig med sommarjobben sin som resepsjonist på Olden Fjordhotel. Same dagen går han om bord i hurtigruteskipet MS FINNMARKEN som reiseleiar for norske gjester på turen Bergen - Kirkenes - Bergen. Ikkje nok med det. Deretter vert det ein tur til med hurtigruta før han er klar for turen med MS SUNNHORDLAND frå Tromsø til Bergen/Leirvik i tidsperioden 20. - 25. september.

Veteranskipet MS SUNNHORDLAND er klar med oppdaget sitt som base og fylgjeskip i programmet 71. grader nord i september. Jan H. Sunde frå Uskedalen vart spurt av eigarane om å laga reiseruta på seglasen frå Tromsø til Bergen. Turen vil gå innom Vesterålen, Lofoten, Helgelandskysten og Kristiansund. Det vert guiding langs heile kysten og det er høve til å vera med på utflukter på land. Om bord er det full pensjon og ved tinging kan ein velja lugar ut frå eige ynskje.

RunWay har i samarbeid med MS SUNNHORDLAND sett opp ei flott sjøreise med start i Tromsø 20. september. Flyreisa Bergen - Tromsø med Widerøe kjem i tillegg til faste prisar.



Jan H. Sunde i RunWay-Norway er reiseleiar på turen 20. - 25. september.

Ruteplan:

Dag 1: Sondag 20.09: Flyreise til Tromsø, ombordstiging og tildeling av lugarar. Middag. Avgang kl. 20.00

Dag 2: Måndag 21.09: Vesterålen og Stokmarknes med høve til å sjå hurtigrutemuseet. Turen går vidare på sør i Raftsundet og er innom Trollfjorden. Legg til kai i Svolvær med høve for utflukter. Ligg i Svolvær til neste dag.

Dag 3: Tysdag 22.09: Lofoten med anløp av Stamsund. Plukkar opp dei som har vore på rundtur i Lofoten.

Dag 4: Onsdag 23.09: Helgelandskysten med stopp i Brønnøysund. Vert kjend med verdsarvstaden Vege og Ylvingen. Utflukt til Torghatten. Seglasen går forbi Petter Dass sitt rike på Alstahaug og fjellkjeda Dei sju søstre.

Dag 5: Torsdag 24.09: Trøndelagskysten og Kristiansund. Høve til å køyra Atlanterhavsvegen til Molde.

Dag 6: Fredag 25.09: Turen går mot Bergen. Buss til Flesland, dersom nokon treng det. Skipet held fram reisa til Leirvik, som er heimehamna til MS SUNNHORDLAND.

Sjå vedlagte program for meir detaljer. Turen kan tingast på

<http://www.runway-norway.no/norskekystenpalangsmedmssunnhordland>

Meir informasjon: Kontakt Jan H. Sunde på denne e-posten j-h-sun@online.no

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: MS SUNNHORDLAND / Olden Fjordhotell